

**Arkiv:** Plannavn-  
Kommuneplanen sin  
samfunnsdel, Komnr-  
4631, FA-L1  
**JournalpostID:** <jplD> 20/8433  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 14.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
018/20	Alver formannskap	12.03.2020
027/20	Alver formannskap	19.03.2020
019/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	27.04.2020
015/20	Eldreråd	27.04.2020
016/20	Ungdomsråd	27.04.2020

## Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel - Varsel om oppstart og framlegg til planprogram

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Formannskapet i Alver kommune oppstart av arbeid med kommuneplanen, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig høyring og ettersyn.

### Alver formannskap 12.03.2020:

#### Behandling:

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

### FO- 018/20 Vedtak:

Saka er utsett.

### Alver formannskap 19.03.2020:

#### Behandling:

##### Fellesframlegg ved A.Byrknes-KRF:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Pga koronasituasjonen vert tidsplan med medverknad til planen utsatt til hausten.  
Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 027/20 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Formannskapet i Alver kommune oppstart av arbeid med kommuneplanen, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig høyring og ettersyn.  
Pga koronasituasjonen vert tidsplan med medverknad til planen utsatt til hausten.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2020:**

### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

### **RMNF- 019/20 Vedtak:**

Ingen merknader.

## **Eldreråd 27.04.2020:**

### **Behandling:**

Rådgjevar plan, Line T. Waag orienterte i saka og svara på spørsmål.

Eldrerådet drøfta saka.

**Merknad:** Det vart uttrykt behov for eit ekstramøte i rådet for å få ein grundigare gjennomgang og drøfting av planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel. Eldrerådet konkluderte med at rådet vil få saka til handsaming og uttale når planprogrammet kjem på høyring. Elles ingen merknader, samrøystes.

### **ER- 015/20 Uttale:**

Det vart uttrykt behov for eit ekstramøte i rådet for å få ein grundigare gjennomgang og drøfting av planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel. Eldrerådet konkluderte med at rådet vil få saka til handsaming og uttale når planprogrammet kjem på høyring.

## **Ungdomsråd 27.04.2020:**

### **Behandling:**

Orientering i saka ved samfunnsplanleggjar Line T. Waage. Ungdomsrådet tek saka til orientering, og kjem tilbake med innspel før høyringsfristen.

### **UR- 016/20 Vedtak:**

Tatt til orientering

### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Formannskapet

### **Bakgrunn**

Kommuneplanen består av ein arealdel og ein samfunnsdel, og plan- og bygningslova stiller krav til at det skal bli utarbeida planprogram til kommuneplanen. Planprogrammet er ei plan for gjennomføringa av sjølve planen. Dette planprogrammet visar korleis vi skal arbeide med samfunnsdelen og korleis vi skal involvere til medverknad og få fleire til å kome med innspel til ønska samfunnsutvikling. Planprogrammet delar også kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen og peikar på aktuelle tema, som vi kan sjå nærare på i arbeidet med samfunnsdelen. Oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er prioritert i planstrategien til Alver kommune.

### **Saksopplysninger:**

Samfunnsdelen skal gje retning til utviklinga av Alver, og vere eit godt grunnlag for vidare arbeid med arealdelen.

I intensjonsavtalen står det:

*«Alver kommune skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggje fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling».*

Målet er å sikre ein heilskapleg og planstyrt utvikling av den nye kommunen. Dette skal vi få til gjennom at kommuneplanen blir eit tydelege styringsdokument som er bygd på overordna føringar og lokal kunnskap, og med brei medverknad og involvering.

## **Organisering av arbeidet med samfunnsdelen**

Arbeidet med samfunnsdelen er organisert som eit prosjekt og blir gjennomført etter ein bestemt metodikk. Arbeidet med samfunnsdelen går parallelt med arbeidet med kommunedelplanen for helse og omsorg, og kommunedelplanen for oppvekst. Arbeidet er organisert med administrativ arbeidsgruppe, prosjekteigar, prosjektleiar, prosjektgruppe og ulike referanse- og arbeidsgrupper. Formannskapet er politisk styringsgruppe for arbeidet med samfunnsdelen.

### *Berebjelkar i planarbeidet*

Folkehelse og berekraftsmåla blir gjennomgangstema og berebjelkar i samfunnsdelen. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng og inneber at vi må tenkje heilskapleg når vi skal løyse framtidens utfordringar. Regjeringa har forplikta Noreg til å arbeide for å nå måla, og ventar at vi som kommunar brukar måla aktivt i eigen planlegging. I tillegg er det eit mål at samfunnsdelen skal bidra til eit systematisk folkehelsearbeid i Alver. Vi skal ta tak i utfordringane og bruke dei virkemidlane vi har for å leggje til rette for gode liv og trygge omgjevnader for innbyggjarane våre.

### *Hovudtema i planprogrammet*

Planprogrammet byggjer på nasjonale og regionale føringar for planlegging, rapportar og kunnskapsgrunnlag om utviklingstrekk og utfordringar i kommunen, intensjonsavtalen frå 2016 og strategi- og styringsdokumentet.

### *Langsiktige og overordna arealstrategiar*

Samfunnsdelen skal innehalde arealstrategiar. Arealstrategiar er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Dei skal vise hovudprinsipp for kommunen sin langsiktige arealbruk og gje føringar for kommuneplanen sin arealdel. Arealstrategiar skal spegle verdival og avveging av motstridande omsyn.

Ein arealstrategi skal vise ei retning på korleis vi skal utvikle kommunen. I arbeidet med samfunnsdelen skal vi finne denne retninga. Utviklinga av region- og kommunesenteret, utvikling av lokal- og nærsentra og korleis vi skal ta heile Alver i bruk, er døme på sentrale diskusjonar innan arbeidet med arealstrategiane. Det same gjeld diskusjonar om korleis vi skal nytte, ta vare på og vidareutvikle naturressursar og kulturlandskapet vårt.

Hovudtema i planprogrammet:

- Befolkningsutvikling
- Samordna areal- og transportplanlegging
- Grøn omstilling
- Fellesskap og attraktive nærmiljø
- Alver sin posisjon og rolle i regionen
- Næringsutvikling
- Pendling og mobilitet
- Levekår og folkehelse
- Oppvekst og utdanning
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Samfunnstryggleik og beredskap

## **Slik skal vi involvere og hente innspel**

Målet med medverknad og involvering i prosessen med samfunnsdelen er å byggje ein ny, felles identitet for alverbuen. Kven er vi, kor skal vi og korleis kjem vi oss dit? Vi skal dele kunnskap om prosessen på ei måte som gjer at folk evnar og har lyst til å bidra. Vi vil bidra til å bygge nettverk på tvers av generasjonar, aktørar og «gamle kommunegrensar». I tillegg ønskjer vi å skape tilhørsliv og eigarskap til samfunnsutviklinga og eige nærmiljø.

### Medverknadsopplegg

Korleis skal vi nå desse måla? Kommuneplanen sin samfunnsdel er viktig for alle som bur og driv næring i Alver. Før vi startar arbeidet med sjølve planen ønskjer vi å høyre kva ulike grupper i kommunen meiner om framtida si. Perioda frå mars til juni vil vi arbeide med brei og inkluderande medverknad og involvering. Vi ønskjer å hente innspel frå:

- Alle som bur i kommunen, og særleg
  - Barn og unge
  - Eldre
  - Sårbare grupper som elles ikkje er så lett å involvere eller kome i kontakt med
- Frivillige lag og organisasjonar
- Næringsliv
- Leiarar og tilsette i Alver kommune
- Politiske råd og utval, og særleg:
  - Ungdomsrådet
  - Eldrerådet

Prosjektgruppa til samfunnsdelen har laga ei medverknadsstrategi med hovudstrategiar for korleis vi skal arbeide med medverknad og involvering, og korleis prosessen og samfunnsdelen skal bidra til å byggje ein ny felles identitet. Dette er samla i eit eige dokument kalt «Medverknadsstrategi»:

- Vi skal bruke eit klart språk i all skriftleg og munnleg kommunikasjon
- Vi skal inviterer oss sjølv til etablerte møteplassar
- Vi skal bruke sosiale medium og digitale verkemiddel aktivt
- Vi skal bruke visuelle verkemiddel som set i gang diskusjonar og profilerer prosessen

Det blir no utarbeida ein konkret plan for medverknadsopplegget med oversikt over kven vi skal snakke med, når og på kva arena vi skal treffe dei.

Formannskapet og kommunestyret skal i politisk verkstad arbeide med formulering av mål og strategiar i samfunnsdelen.

### Vedlegg i saken:

15.04.2020	Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel - Kunngjering om planoppstart og offentlig høyring og ettersyn av planprogram	1372339
03.03.2020	Forslag til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel	1359008